



Refsdal Maskin
Uglåsvegen 82
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3322 - 17/31877

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
07.11.2017

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, gbnr 44/10 Uglåsen. Avslag.

Dokument:

Søknad med kostnadsoverslag og kart. Søknaden er undertekna 07.09.2016, og er såleis komme inn etter søknadsfristen som var 01.06.2016.

Søknaden har vorte lagd til siden i 2016 og er teken fram att til ny vurdering i 2017.

Søknaden:

Det vert søkt om tilskot til å sette opp permanent notgjerde for sau. I alt 1690 meter gjerde. Gjerdet vil løyse ut nytt beite på 100da. Kartet syner at det nye beitet er skogsmark og myr.

Kostnadoverslaget er på kr.102600,-. Det vert søkt om kr.72600,- i tilskot.

Vurdering:

Eigedommen har i alt 21da innmark. Drifta pr.idag er 18 vinterfora sau.

Areala ein vil gjerde rundt er for ein stor del myr, dessutan skogsmark for det meste uproduktiv skog.

Gjerde er tenkt sett opp slik at utmarka vert gort om til to inngjerda parsellar som dyra kan beite vekselvis. Dei nye gjerda vil og gå over innmarka slik at denne vert delt i tre skifter.

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gjeld eldre kulturmark som ein vil ta i bruk på nytt. Eldre kart syner at dette ikkje er tilhøvet her. Areala det gjeld har «alltid» vore utmark.

Tiltaket fell difor ikkje inn under regelverket.

Kartet som ligg ved søknaden syner at om lag 500 meter gjerde skal dele innmarka i tre deler. Til dette kan det vere aktuelt å gje tilskot, dersom det vert søkt om det.

Søknaden kom inn for seint i 2016 og vart ikkje handsama då. Tiltaket det er søkt om høver ikkje inn under regelverket for smil.

Kommunen har også dette året mange gode søknadar for tilsaman nærare to millionar kroner og må prioritere strengt. Ein finn at tiltaket det her gjeld ikkje kan godkjennast for tilskot.

Vedtak:



Med heimel i §8 i forskrift om tilskot til spesielle miljøtilskot i jordbruket, vert søknaden om tilskot til gjerde på gbnr 44/10 avslått av Lindås kommune.
Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine §§28 flg. Partane kan klage over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om vedtaket.
Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje er det fylkesmannen som er klageinstans.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Refsdal Maskin

Uglåsvegen 82 5957

MYKING